



# ADVENTSLES

I adventstida skal 5.klasse ha fokus på lesing- MASSE lesing!

Det må vera ei fin tid for å skru av all slags skjermar, tenna lys, eta pepperkaker og kosa seg med ei bok.

Mengdetrening og fokus på lesing i ein periode kan vera med å gje auka leselyst, auka lesefarten og ordforrådet, og gje meir kjennskap til ulike typar tekstar. I tillegg vil me jobba med lesestrategiar for å hente ut informasjon frå fagtekstar og repetert lesing for å auka antal ordbilete og betra leseflyten.

Me skal lesa på skulen, og me skal lesa heime. Det vil variera kor fort elevane les og kva type litteratur dei velgjer. Me skal difor måla i antal leseminutt. Ta tida når du les, og få ein vaksen til å skrive under på at talet stemmer. All lesing er med- leseleksa, teikneseriar, bøker, blader og aviser. I tillegg kan du skrive opp dersom du lytter til lydbøker eller blir lest høgt for. Det viktigaste er at du les(er eller lyttar til) tekst, ikkje berre ser på bileta!

Eg har lova litt «ekstra kos» kvar gong me passerer 1000 leseminutt felles i klassen. Håper me kan få til belønning fleire gongar i veka!

Les i veg, helsing Linn Merethe!

